

## Løypebeskrivelse.

Løypa følger ein ny gangveg langs elva, forbi kappellet, gjennom Undheim sentrum over brua ved Handelslaget og opp Mærlikaret forbi Knudaheio. Hytta til dikteren Arne Garborg ligger på venstre sida når ein går opp bakken. Hytta er open fra klokka 1200. Etter at du har gått forbi Knudaheio kommer du så til Mærlia. Der snur kort (5 km.) løype, med retur same veg som du kom. Dei som skal gå lenger fortsetter til Tjåland og over brua, svinger så til venstre forbi Tjåland gamle skule og fortsetter vidare til Skårland og vidare til Snorrestad. Løypa går på veg fra start og fram til Snorrestad, der det er rasteplass og klipp av startkortene. Her er det også løypedeling for 11km. og 22 km. løypene, mens barnevognsløypa går tilbake på veggen, same veg som ein kom. De to andre løypene går ein del i terreng frå Snorrestad til mål.

11 km. løypa går til venstre over heia forbi eit nydyrka jorde, vidare over heia forbi eit lite vatn. Løypa går på venstre sida av vatnet til ein kommer fram til et skar der ein har god utsikt over Jæren.

Løypa kommer så ned til ein gammal plass som heter Djupedal. Eivind Eivindson, kjøpte bruket i 1894 og bruket var i bruk til 1906. Siste brukaren var trulig Per Taksdal. Frå Djupedal går løypa vidare til Krusaholen. Derfra følger ein så veggen vidare til Undheim og til MÅL.

Den lange løypa på 22 km. går til høgre frå Snorrestad og følger traktorvegen inn over heia. Langs traktorvegen, oppe til venstre ser med plassen Risstølen. Lenger framme kommer me til Lauvlio som blei fråflytta ca 1914.

Me passerer Lauvlio på høgre side, og kommer så til ei kvern-ruin og løypa følger så stien opp ein slak stigning , og kommer opp til toppen med god utsikt mot høgre innover Eidland i Gjesdal.


Løypa går så til venstre ned eit trongt skar før den fortsetter nedetter lia og kommer så til Skogen. Det er og ein gammal fråflytta plass. Siste brukar, Teodor Tjåland kjøpte bruket i ca 1900 og i 1902 blei bruket solgt til eit beitelag på fire bruk.

Løypa går så til venstre og følger veggen fram til to vatn som løypa går mellom. Løypa går så langs eit dyrka jorde fram til ei grind, der svinger løypa til venstre og følger veggen til Bjødnalio, som er et gammalt og fråflytta bruk. Fanuel Svendsen Eidland var første brukaren fra 1857 til 1893. Han var gift tre gonger. Siste brukaren i Bjødnalio var Jonas Tjåland. Han døde i 1912 og bruket blei fråflytta.

Løypa tar så til høgre og nedetter Urådalen til Taksdalsvatnet. På stien under Blåfjedle står det ei bronsetavla med teksten: *Vegen her under Blåfjedle ved Urånå. Frå Taksdalsvatnet til Moldtjødno vart bygd i 1917-18 av Ådne Sæland og i 1943 av Obstadfangar for å få fram eiketømmer og ved. Veggen går også oppover Sælandsfjedlet med et stort og fint utsyn over Jæren.* Veggen tar så til høgre og kommer til Sælandskogen. Til venstre inn i skogen kommer ein så til parkeringsplassen. Gå ut på veggen og tar til venstre til Taksdalbrua. Gå over brua til venstre over Taksdal til elva og gå over ”Planken” til Litla Undheim. Følg så veggen til Undheim og MÅL.

Så et råd til slutt:

Skal du gå lang løype så beregn god tid. Det er langt.



## Løypebeskrivelse for Knudaheimarsjen.



Knudaheimarsjen har sidan 1982 blitt arrangert årleg av Undheim Idrettslag. Marsjen går forbi Arne Garborg sin bustad frå 1899 til han døde i 1924. Arne og Hulda Garborg er hauglagde på tomte. Turen går gjennom det Jærlandskapet som Arne Garborg var så glad i.

Undheim I.L.



Tilsluttet:  
Norges Folkesportforbund – NFF og  
Det Internasjonale Fokesportforbund – IVV

